



Årsmelding for året 2020

Styret har hatt slik samansetjing i 2020:

Ellinor Rein, styreleiar
Guttorm Røsland, nestleiar
Merete Moe, Røsland, kasserar-sekretær
Elin Stene, styremedlem
Håkon Røstbø, styremedlem
Per Henrik Oppdal, styremedlem
Jostein Tjeldflåt, 1. varamedlem
Oddmund Skår, 2. varamedlem

Revisorar:

Even Teigen, Sissel Bratlett

Valnemnd:

Anna Prestnes, Kari Røstbø og Åsmund Kåre Røyrvik

STYREMØTER:

Det har i 2020 vore halde 10 styremøter og 4 arbeidsmøter. Varamedlemene har vore innkalla til alle styremøter for å sikra kontinuitet. Det har vore godt frammøte, aktiv deltaking og gode diskusjonar på styremøta.

Styret og styreleiar har hatt god kontakt med administrativ leiing i kommunen. Kjartan Thoresen var med på møte om utvikling av Regionsenteret Husnes og planarbeidet her, medan Næringssjef Grethe Solheim og Margit Lund-Mikkelsen om Turiststrategi om kva som må på plass før sesongen 2021 og langsiktige planar. Tidlegare styreleiar Åsmund Kåre Røyrvik har bistått styre gjennom året og vert ein god resurs inn i organisasjonen.

Handlingsplan og Aktivitetar:

Styret har utarbeida ein arbeids og aktivitetsplan med punkt som kvart inneheld ei lang rekkje aktivitetar. Aktivitetane vert gjennomgått og reviderte på kvart styremøte.

Ambisjonsnivået har vore høgt og det har vist seg og styret har stor pågangsvilje og vyer for arbeidet ein er i gong med og flyten organisasjonen er i.

Skal organisasjonen få det til planane ein har må vi i større grad engasjera interesserte personar utanom styret, både medlemer i Husnes Vekst, Næringslivet og Kommunen.

Nedanføre er hovudpunkta i handlingsplanen med kommentarar. Dette er også handlingsplanen styret ønskjer å halda fram med å arbeida etter i 2021.



1. Regionsenteret Husnes

Husnes Vekst har ein god dialog med Kjartan Thoresen om utviklinga av Regionsenteret Husnes. Vi har stort fokus på omregulering av områder for utvikling av eksisterande tilbud kommunikasjon ut og inn av kommunen, internt i kommunen, tilrettelegging for alle samfunnsgrupper, synlegheit, identitetsbygging og trivselstiltak. Vi har stort fokus på realisering av Sunnfast.

Næringsliv, eksisterande og nytt

Kva kan vi gjera for eksisterande næringsliv og korleis tiltrekkja oss nytt?

Dette er avgjerande for utvikling å få arbeidsplassar i og rundt Regionsenteret Temaet har vore diskutert fleire gonger og for Husnes Vekst er det viktig og væra ein god kanal for næringslivet og lytta til deira behov og væra ein pådrivar og støttespelar i deira daglege arbeid. Sunnfast er viktig og her for og skapa eit nytt Bu- og arbeidsmarknad.

2. Statlege/fylkeskommunale arbeidsplassar og funksjonar

Husnes må vera med i tevling om nye offentlege funksjonar som kan verta flytta ut frå hovudstaden/større byar. Det er viktig å arbeida for å styrkja eksisterande institusjonar, tilrettelegging for nye og samarbeida tett med kommunen, næringslivet og det politiske miljøet.

3. Kommunale tenester og kontor på Husnes

Vi har fokusert på kva tenester vi treng tilgang til i regionsenteret. Aksen er no på plass, og ny brannstasjon er under realisering. Arbeidet med og samla helsetenestene i eit eige bygg i sentrum, nær apoteka og det nye kommunikasjonsknutepunktet pågår framleis og vil frigi areal for utbygging av sjukeheimen.

4. Turisme

Samarbeidet med Husnes Båthamn, Husnes Camping og Husnes Sentrum hotell er god, og har gitt os gode tilbakemeldingar etter turistsesongen 2020 om kva tiltak som må utarbeidast raskt, deira behov for utvidingsmuligheta, aktivitetar, marknadsføringsidear og oversikt over dagens tilbud samt kva moglegheiter ein ser for seg i framtida. Badehuset og toalettfasilitetane i Borvika vart utsatt for hærverk og er per i dag ikke brukande. Ein ser på moglegheitene om etablering av dagsturhytte ved Bremstølen, samt hengekøye camp i dette området.

5. Omsorg for eldre

Området frå Herøysundet til Utåker har i følgje statistikk desidert flest innbyggjarar over 70 år i Kvinnherad. Trong for omsorgstenester på ymse nivå vil auka frametter. Kvinnherad har i dag tilbud om privat heimepleie, men mangelen på fastlegar er bekymringsfullt.



6. Turstiar i Husnesområdet

Husnes Vekst har tatt initiativ til eit samarbeid mellom Husnes Vekst og Turlaget for og kartlegge turstiar og få dei inn i ein app, lett tilgjengeleg for alle, og lett for turistnæringa og nytta seg av for deira besøkande. Det vil og bidra til auka kunnskap til innbyggjara om kva turmoglegheit ein har i eigen kommune. Her vil ein og ha fokus på og få inn Postvegen slik at denne løypa blir gjort godt kjend for alle.

7. Ny fleirbrukshall Husnes:

Husnes Vekst står arbeidet med realisering av Kvinnherad Arena og ser viktigheita for utviklinga dette har for Regionsenteret. Husnes Vekst skal være pådrivar for realisering av Kvinnherad Arena.

8. Trafikksikring i Husnesområdet

Husnes Vekst har sendt inn plan for trafikksikring i Husnesområdet og vonar dei vert med i planane til Kvinnherad Kommune. Organisasjonen jobbar og inn mot det politiske miljøet for realisering av vedtaket om autovern på stripa.

9. Samferdsle

Husnes Vekst har stort fokus på betring av kommunikasjonen mot Stord for påkobling på aksen Stavanger - Bergen. Fokuset her ligg på Sunnfast, betring av snøgbåtruta og busstilbod. Styremedlem Håkon Røstbø er godt engasjert i prosjektet Sunnfast og realisering av dette, så organisasjonen er godt informert. Skilting til Regionsenteret har me tatt opp mange gonger, og purrar fortsatt opp dette.

Nytt Busskur ved KEST-Bygget ved Europris har blitt spelt inn til fylkje samt innkjøyrila ved Hellandsbrua treng ei opprustning for og gjera porten til Regionsenteret Husnes vakrere og meir imøtekommande.

10. Kultur

Vi har eit unikt kulturskulebygg med svært gode lærekrefter og ei rekkje kulturaktørar av svært høg kvalitet.

Omstok Festivalen, Husnes dagane, 1.Mai markeringa samt andre arrangement er viktige for Husnes, og Husnes vekst ynskjer og bidra positivt inn i desse prosjekta.

MEDLEMMER

Vi har i 2020 hatt 57 personar og 19 verksemder som medlemmer.

Vi er nøydde til å auka medlemstalet, både personlege og verksemder. Det er viktig og få fleire engasjert i arbeidet til organisasjonen og utviklinga av Regionsenteret, samt sikra det økonomiske for organisasjonen.



ØKONOMI

Økonomien i 2020 bar preg av at det ikkje var sendt ut kontingent i 2019 samt at nokre rekningar ikkje var betalt. Dette gjør eit hogg i økonomien, så styret har utarbeida sponsoravtalar, for og sikra økonomien. Kontinuitet og stabilitet i arbeidet framover er viktig for utviklinga av Husnes.

Jula banarane vart sponsa av Næringslivet

Organisasjonen mottok støtte frå sparebank stiftinga på kr:250.000 til trivselstiltak for Regionsenteret Husnes.

Kvinnherad kommune støtta arbeidet med Markedsføring av Regionsenteret Husnes og omliggande bygder med kr 32.500. støtta skal nyttast til ny heimeside, blider, video mm.

Inntektene med bannerane er regnskapsført, men sparebank stiftelsen er ikkje ført i 2020, da utbetalinga skjer i 2021

Styret Husnes Vekst

X

Ellinor Rein
Styreleiar

X

Guttorm Røssland
Nestleiar

X

Merete Moe Røssland
Kasserar

X

Per Henrik Oppdal
Styremedlem

X

Elin Stene
Styremedlem

X

Håkon Røstbø
Styremedlem

